



OPPDRETT: Så godt som alle lokalitetssøknader går igjennom hos Sogn og Fjordane fylkeskommune. ARKIVFOTO: IVAR LONGVASTØL

Saksbehandlar hugsar ikkje sist fylkeskommunen av slo lokalitetssøknad

Seier nesten aldri nei

NÆRINGS LIV: Søker ein oppdrettar om å bruke ein lakselokalitet, seier fylkeskommunen ja.

Helge Johnsen, helge.johnsen@firda.no, 911 49 810

Dette er mønsteret, når fylkeskommunen tek stilling til søknader om løyve til lokalisering av anlegg.

– Det er veldig sjeldan vi gir avslag. Så lenge andre har gitt løyve etter Matlova, Forureiningslova og Hamne- og farvatnlova, gir vi løyve etter Akvakulturlova, seier seniorrådgivar Elisabeth Aune.

Ikkje i år, neppe i fjor ...

På spørsmål frå Firda om når fylkeskommunen sist sa nei til ein lokalitetssøknad, svarar Aune at det ikkje har skjedd i år, og at det neppe skjedd i fjor heller.

– Men burde ikkje fylkeskommunen vurdere ut frå eit heilskapssyn, og kanskje halde att, ut frå det lusepresset ein veit laksen og sjøauren er utsett for?

– Det kan du seie. Men vi gir ikkje løyve til meir fisk i sjøen. Vi gir berre nye lokalitetar. Då blir det ei vurdering av kva som gir minst belastning på naturen og miljøet. Det blir gjort mange grep for å få til vekselbruk og variere presset på dei ulike områda. I det tilfellet som gjeld Vadheimsfjorden stør vi oss på Mattilsynets vurderingar. Dette er dessutan ein forsøkskonsesjon der ein skal hauste kunnskap, og som ikkje varer evig, seier ho om avgjerda – der godkjenninga kolliderer med Fylkesmannens vurdering.

– Kan de ikkje overprøve?

– Det kan vi. Men vurderingane frå andre instansar veg tungt, seier Aune.

Får nei etter nei

Samstundes med at stort sett alle lokalitetar får fylkeskommunens ja, avslår fylkeskommunen konsekvent å gi økonomisk støtte til Sogn Villaksråds arbeid med å kartlegge luseproblemet med storruser i Sognefjorden. Bjarne Meel i villaksrådet tykkjer fylkeskommunens haldningar er lite positive:

– Dei burde bidra til kartlegginga, og dei burde ta situasjonen i fjorden alvorleg. I staden aukar dei mengda på lokalitetane og omlegginga frå torsk til laks, seier Bjarne Meel.

saka

Innbyggjarar ved Vadheim og Sogn villaksråd protesterer mot at Aller Aqua Norway og Nordfjord Forsøksstasjon skal få drive lakseoppdrett inst i Vadheimsfjorden. Anlegget vil kome ved munninga av to kritisk truga lakse- og aureførande elvar.

Fylkeskommunen har sagt ja, etter at Mattilsynet gav grønt lys. Fylkesmannen rår frå på det sterkaste.